

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Helge Kvam | FA - H01 | 15/258 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 05/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Arbeid med individuell plan i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til møteprotokoll Utval for levekår sak 55/2014.

Alle som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få utarbeidd ein individuell plan (IP). Lovgrunnlag er omfattande, og er m.a. relatert til: Pasient og brukarrettighetslov, Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, Lov om psykisk helsevern, Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen samt Barnevernlov.

Planen skal vere eit verktøy og ein metode for samarbeid mellom tenestemottakar og tenesteapparatet, og mellom dei ulike tenesteytarane. Initiativet til å få laga IP kan komme frå brukaren sjølv eller pårørande, men hovudansvaret for å utarbeide individuelle planar ligg i den kommunale forvaltninga/tenesteområde.

Når ein person har behov for langvarige og koordinerte tenester frå både kommune og spesialisthelsetenesta, er det kommunen som har primæransvaret for at det blir utarbeidd ein individuell plan. Spesialisthelsetenesta har plikt til å medverke. Kommunen skal tilby pasient/brukar ein koordinator som skal sørge for nødvendig oppfølging, samordning og framdrift i arbeidet med individuell plan.

Utgangspunktet for prosessen skal vere brukaren sitt behov for tenester, i tillegg til dei ønskjer og mål som er viktige for brukaren sjølv - i dag og i framtida. Individuell plan er brukaren sin plan. Brukaren har rett til å delta aktivt i utarbeidinga av planen.

Føremål med IP

- Individuell plan skal bidra til at tenestemottakaren får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Det skal sikrast at det til ei kvar tid er avklart kva tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av tenestemottakaren.
- Tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for tenester skal avklarast. Vidare skal ein vurdere og planlegge tiltak som kan bidra til å dekke tenestemottakaren sine bilstandsbehov. Tiltaka skal koordinerast.
- Individuell plan skal styrke samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar og eventuelt pårørande, i tillegg til å koordinere mellom tenesteyting innan eit forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåa.

Vurdering

Kommunane i Nordhordland har etablert sams bruk av dataprogrammet Visma Flyt SamPro

som verktøy for både Individuell Plan (IP) og Individuell Opplærings/Utviklingsplan (IOP).

Tilbakemeldingar tyder på at til no har erfaringane med programmet svara til forventingane – både for aktuelle brukarar og sakshandsamarar. Nærare orientering om program og bruken av denne vert gjeven i møte av koordinator Rannveig V. Bovim.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan i Meland kommune til orientering.

Utval for levekår - 05/2015

ULK - behandling:

Framlegg til tilleggstekst frå Kåre Skibenes, KrF:

Det er viktig at organiseringa av den koordinerande verksemda sikrar eit heilskapleg, koordinert og tverrfagleg tenestetilbod mellom tenesteytarar og pasient/brukar, samt mellom ulike tenesteområde og forvaltningsnivå.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak og framlegg til tilleggstekst frå Kåre Skibenes vart samrøystes vedteke.

ULK - vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan i Meland kommune til orientering.

Det er viktig at organiseringa av den koordinerande verksemda sikrar eit heilskapleg, koordinert og tverrfagleg tenestetilbod mellom tenesteytarar og pasient/brukar, samt mellom ulike tenesteområde og forvaltningsnivå.